

Utval: **Ungdommens fylkesutval**
Møtestad: Fylkesutvalssalen 3.etg. - Montana Vandrerhjem, Fylkeshuset
Dato: 23.01.2015
Tidspunkt: 16:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Agnes H. Bernes	Leiar	
Gard Johanson	Nestleiar	
Cecilie Engen Fredheim	Medlem	
Hedda Emilie Hidle	Medlem	
Vegard Kleppe	Medlem	

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Lars Helle Fauske	Medlem	
Benedicte Hellestveit	Medlem	

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Stine Hegdal		

Merknader

Møtet varte over ein helg, fredagen på fylkeshuset, laurdag på Montana Vandrarheim.

Erlend Risvand Mo frå desisjonskomiteen stilte og på møtet.

Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Ingeborg Borgen Takle	Rådgjevar, organisasjonsavdelinga

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 12/15	Godkjenning av innkalling		
PS 13/15	Godkjenning av saksliste		
PS 14/15	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 15/15	Referatsaker (Meldingar)		
PS 16/15	Rekneskap 2014 for Ungdommens fylkesting	2014/560	
PS 17/15	Opplegg for nytt Ungdommens fylkesutval	2014/560	
PS 18/15	Årsmelding 2014 for Ungdommens fylkesutval	2014/560	
PS 19/15	Førebuing Ungdommens fylkesting 2015	2014/560	
PS 20/15	UR+UFU=SANT	2014/560	
PS 21/15	Ungdommens storting - oppfølging	2014/560	
RS 7/15	Oversikt økonomi - per 060115	2014/560	
RS 8/15	Oversikt ungdomsråd i Hordaland - per 060115	2014/560	
RS 9/15	Ungdommens planprogram - framdrift per 060115	2014/560	
RS 10/15	Oversikt over større saker til politisk behandling hausten 2014 - pr desember	2014/1527	
RS 11/15	Invitasjon til Ungdommens fylkesting 2015	2014/559	
RS 12/15	Høyringsuttale til klinikksstrukturplan frå tannhelseavdelinga - frå Ungdommens fylkesutval	2014/560	
PS 22/15	Ymse		

PS 12/15 Godkjenning av innkalling

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 23.01.2015

Vedtak

Ungdommens fylkesutval godkjente innkallinga.

PS 13/15 Godkjenning av saksliste

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 23.01.2015

Vedtak

Ungdommens fylkesutval godkjente sakslista.

PS 14/15 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 23.01.2015

Vedtak

Ungdommens fylkesutval godkjente møteboka frå 12.12.2014.

PS 15/15 Referatsaker (Meldingar)

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 23.01.2015

Vedtak

RS 12/15 Høyringsuttale til klinikkstrukturplan frå tannhelseavdelinga - frå Ungdommens fylkesutval:
Visst ein ser at Ungdommens fylkesutval vedtok at dersom deira uttale ikkje vert teken med i vurderinga av saken, skal Ungdommens fylkesutval sende ei uttale til og visst naudsynt gå til media.

RS 7/15 Oversikt økonomi - per 060115

RS 8/15 Oversikt ungdomsråd i Hordaland - per 060115

RS 9/15 Ungdommens planprogram - framdrift per 060115

RS 10/15 Oversikt over større saker til politisk behandling hausten 2014 - pr desember

RS 11/15 Invitasjon til Ungdommens fylkesting 2015

RS 12/15 Høyringsuttale til klinikksstrukturplan frå tannhelseavdelinga - frå Ungdommens fylkesutval

PS 16/15 Rekneskap 2014 for Ungdommens fylkesting

Forslag til avgjerd

Ungdommens fylkesutval godkjenner rekneskapet som vert lagt fram, med vissheit om at det endelege resultatet kan endre seg noko.

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 23.01.2015

Vedtak

Ungdommens fylkesutval godkjenner rekneskapet slik det føreligg.

PS 17/15 Opplegg for nytt Ungdommens fylkesutval

Forslag til avgjerd

Ungdommens fylkesutval vedtek å kome med følgjande innspel:

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 23.01.2015

Vedtak

Ungdommens fylkesutval vedtok å sjå nærmare på å leige ei hytte på Voss, med moglegheit for ski og andre aktivitetar. Det vart også foreslått å invitera Ranghild som fasilitator.

PS 18/15 Årsmelding 2014 for Ungdommens fylkesutval

Forslag til avgjerd

Ungdommens fylkesutval skriv og vedtek ein årsmelding i møtet.

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 23.01.2015

Vedtak

Ungdommens fylkesutval skrev ei årsmelding der det står ein oppsummering av året frå alle områda i utvalet. I tillegg er det med nokre ord frå administrasjonen, litt om økonomi og ein oppsummerande tekst frå leiari i utvalet.

Det er i tillegg laga ein powerpoint som skal brukast når UFU presenterer årsmelding for tinget.

PS 19/15 Førebuing Ungdommens fylkesting 2015

Forslag til avgjerd

Ungdommens fylkesutval utarbeidar og vedtek dei naudsynte dokument i møtet.

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 23.01.2015

Vedtak

Ungdommens fylkesutval gjorde følgjande vedtak i saka:

1.	Det vart bestemt å invitera Maria Vatnøy og Lars Henrik Nesse som gjestar på UFT. UFU treng dei i komitear og synest derfor at UFU skal betale for dei. Begge har fått invitasjon.
2.	Det er blitt einigheit om at valkomiteen skal bestå av Lars Henrik Nesse, Maria Vatnøy, Åsmund Synnevåg og Martin Blytt. Visst nokon av desse av ein eller anna grunn må

	trekkje seg frå valkomiteen, skal Olve frå UFU gå inn i staden.
3.	Det er blitt einigkeit om at redaksjonskomiteen skal bestå av Cecilie Fredheim (UFU), Hedda Hidle (UFU) og Sindre Vik.
4.	Det har blitt skriven eit utkast til program av Gard i helga, men programmet er ikkje endelig og det kan fortsatt gjerast endingar.
5.	Av praktiske til UFT så er det skriven ei liste over alle ting ein treng til tinget. Det er også laga ei liste over ansvarsoppgåver, det er laga ei liste over leikar til kveldane og kven som er ansvarleg.
6.	Vegard har laga ein film over året i UFU som skal visast for å oppfordre delegatar til å stille til UFU. Filmen skal visast fredagen.
7.	Gard sendte ein invitasjon til Morten Myksvoll om å halde tale og debattkurs.
8.	Når det gjeld ting-dokument, så har Cecilie sett på UFT frå A til Å og gjort nokon endringar, ho har også skriven kjøyreregler for UFT.
9.	Det er sendt ei liste til fylkesvaraordføraren med tema ho kan snakke om på UFT.
10.	Det bør orienterast om nye vedtekter og mandat på tinget.

PS 20/15 UR+UFU=SANT

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 14.11.2014

Vedtak

Ungdommens fylkesutval vedtek å utsetje denne saka til neste møte 12.12.14.

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 12.12.2014

Vedtak

Ungdommens fylkesutval vedtok å utsette saka til møtet i januar.

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 23.01.2015

Vedtak

Ungdommens fylkesutval vedtok forslag til nye fadderordning slik den vart lagt fram frå Cecilie Fredheim. Det skal gjerast ein del endringar i korleis fadderordninga blir praktisert. I staden for at alle skal ha ansvar for kvar sine ungdomsråd, skal nokre få ha ansvar for ungdomsråda i ein region. Retningslinjene skal gjelda for UFU 2015.

PS 21/15 Ungdommens storting - oppfølging

Forslag til avgjerd

Ungdommens fylkesutval skriv og vedtek eit svar i møtet.

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 23.01.2015

Vedtak

Ungdommens fylkesutval vedtek å ikkje gjere noko meir på dette punktet før det nye UFU vert vald. Det sjåast på som meir logisk at Ungdommens fylkesutval 2015 jobbar meir med dette, og er med på å setje retningslinjer for Ungdommens storting.

Ein del i nasjonalt ungdomsråd ynskjer å ha eit møte 13-15 februar, same helga som det skal vere Ungdommens fylkesting. Dette møtet må ein få prøve å bytte til eit seinare tidspunkt.

PS 22/15 Ymse

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 23.01.2015

Vedtak

Erlend frå desisjonskomiteen deltok på helgemøtet 12:00-15:30 på Laurdag og kom med innspel til planlegginga av UFT.

Møtet med elevorganisasjonen vart avlyst, og vil tas over skype på eit seinare tidspunkt.

Agnes skal ha med seg anten Vegard eller Stine på Hardangeringet 5. februar.

Helgemøte vart avslutta ein dag før tida.